

Høringsuttaler – Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017

Askøy kommune

Bergen kommune

Bømlo kommune

Fylkeseldrerådet

Hardangerrådet

Jernbaneverket

Kvam herad

MA Hordaland

Meland kommune

Nettbuss

Osterøy Jakt og Fiskarlag

Osterøy kommune

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Statens vegvesen

Ullensvang herad



Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Att. Lise Ådlandsvik

Vår ref:	Saksbehandler/Direkte Telefon:	Deres ref:	Dato:
2013/1211-70	Turid Gråberg/56 15 81 91	201302841- 4/8.T73/LISADL	05.12.2013

Uttalelse til Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017

Vi viser til deres brev om høring av Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017. Høringsfristen er sett til 20. desember 2013.

Askøy kommune er positive til innholdet i handlingsplanen og vil redegjøre litt for dette.

Gjennom handlingsplanen ønsker fylkeskommunen å satse på trafikksikringsarbeid i kommunene, møteulykker utenfor tettbygd strøk og myke trafikanter i byområder. Handlingsplanen har et spesielt fokus på å få ned antall ulykker med alvorlig skadegrad. Målet er å få ned tallet på personer som blir drept og hardt skadde i trafikken til 47 personer i 2024. Det er nesten en halvering i antall drepte og alvorlig skadde i forhold til tallene for 2012.

Fylkeskommunen ønsker også å sette fokus på kommunene sitt trafikksikringsarbeid gjennom «trafikksikre kommuner». Målet er at minimum 10 kommuner blir sertifisert som «trafikksikker kommune» i løpet av planperioden 2014-2017.

Handlingsplanen definerer konkrete tiltak som skal bidra til å møte de utfordringer som er synliggjort for hvert satsningsområde. Tiltakene støtter oppunder arbeidet med å nå målsetningene for trafikksikringsarbeidet i fylket.

De trafikantrettede tiltakene i handlingsplanen forutsetter en videreføring av årlige budsjetttrammer fra Fylkestrafikksikringsutvalget (FTU) på 4 mill. kroner. Fysiske tiltak blir prioritert gjennom de årlige budsjettprosessene, på bakgrunn av Regional transportplan Hordaland 2013-2024.

Askøy kommunen vil påpeke viktigheten med at det blir avsatt midler til ulike trafikksikringstiltak som kommunene kan søke tilskudd til. Hordaland er det fylket med flest drepte og hardt skadde i vegtrafikkulykker i perioden 2007-2012. Det betyr at det må jobbes målrettet med trafikksikkerhet for å endre på statistikken.

Postadresse: Postboks 323, 5323 Kleppestø	Besøksadresse: Klampavikvegen 1, 5300 Kleppestø	Telefon: 56 15 80 00	Bank: 6515.06.05509
E-post: postmottak@askoy.kommune.no	www.askoy.kommune.no	Telefaks: 56 15 83 90	Org.nr: 964 338 442

Det kommer tydelig frem av handlingsplanen hva det skal satses på og hvilke virkemidler som blir sett inn for å nå målene. Vi mener det er viktig at Fylkestrafikksikringsutvalget viderefører budsjettrammen fra tidligere på 4 mill. kr eller øker denne.

Med hilsen

Eva Herdlevær
seksjonsleder

Turid Gråberg
planlegger

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift



Hordaland Fylkeskommune, Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN



Deres ref.	Deres brev av:	Vår ref.	Emnekode	Dato
		201301526-364 SWSY	ESARK-03	19. desember 2013

Høring - Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017

Byrådet behandlet den 19.12.2013, sak 1569/13, høringsutkast til Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017. Byrådet fattet følgende vedtak:

- 1. Bergen kommune slutter seg til innholdet i Handlingsplan for trafikksikkerhet i Hordaland, herunder nullvisjonen og effektmålet om å redusere tallet på drepte og skadde i trafikken med 45 prosent fram mot 2024.*
- 2. Bergen kommune peker på at det er særlig viktig å fokusere på møteulykker, som er den hyppigste årsaken til det høye tallet på drepte og skadde i Hordaland.*
- 3. Bergen kommune peker på viktigheten av at trafikksikringsarbeidet får tverrsektorielt folkehelsefokus, og at temaet inngår i folkehelsearbeid og i overordnet samfunnsplanlegging.*
- 4. Hordaland fylkeskommune anmodes om å vurdere merknad fra bystyrets behandling av B.sak 251/13.*

Det vises til vedlagte byrådssak for utdyping av vedtakspunktene.

Med hilsen

BYRÅDSAVDELING FOR BYUTVIKLING, KLIMA OG MILJØ

*Sveinung Watterdal Syversen - rådgiver
Marit Sørstrøm - seksjonssjef*

Dette dokumentet er godkjent elektronisk.

Vedlegg:
Byrådssak 1569/13



Høringsuttalelse til Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017

SWSY ESARK-03-201301526-341

Hva saken gjelder:

Hordaland fylkeskommune ber i vedlagte høringsbrev, datert 8.11.13, om innspill fra Bergen kommune til Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017. Høringsfristen er 20. desember 2013.

Fylkestinget skal vedta handlingsplanen for trafikksikring i mars 2014. Formålet med planen er å definere de viktigste målsetningene for trafikksikringsarbeidet i Hordaland, samt å prioritere satsingsområder og tiltak for å oppnå målene om reduksjon i tallet på drepte og hardt skadde i årene framover.

Handlingsplanen er et fylkeskommunalt plandokument som vil være førende for regionalt og lokalt nivå. Det betyr at mål og satsingsområder vil være førende for alt trafikksikringsarbeid i Hordaland.

Satsningsområdene for perioden 2014-2017 er:

- Trafikksikringsarbeid i kommunene
- Møteulykker i tettbygde strøk
- Myke trafikanter i byområder.

Forslag til tiltak er opplistet på side 22 i høringsutkastet. Typiske tiltak er støtte til arrangementer, kampanjer, holdningsskapende arbeid og opplæring. Tiltakene har en samlet kostnadsramme på 16 millioner og skal finansieres av fylkeskommunen. Generelt blir *fysiske tiltak* på fylkesvegnettet prioritert gjennom Regional transportplan for Hordaland (RTP). For den del av fylkesvegnettet som ligger innenfor Bergen skjer prioriteringen innenfor Bergensprogrammet der bystyret avgir uttale – ref. B.sak 251/13-mens fylkestinget vedtar fylkesvegbudsjettet der Bergensprogrammets Plan- og byggeprogram inngår.

I Nasjonal transportplan 2014-2023 er det satt som mål at drepte og hardt skadde i trafikken ikke skal overstige 500 i 2024. Målet videreføres i foreliggende plan, og innebærer en reduksjon av denne typen ulykker fra 85 i 2012 til 47 i 2024, dvs. en reduksjon på 45 prosent.

Byråden slutter seg til fagetatens vurdering av at høringsutkastet er godt gjennomarbeidet, med fokus på de sentrale problemstillingene i trafikksikringsarbeidet i Hordaland.

Bergen kommune slutter seg til den ambisiøse målsetningen om å redusere tallet på drepte og skadde i trafikken med 45 prosent fram mot 2024. Det vises i den sammenheng til Trafikksikkerhetsplan for Bergen 2014-2017, som legger nullvisjonen til grunn for satsningsområder og fysiske trafikksikringstiltak i kommunen. Satsningsområdene i Trafikksikkerhetsplan for Bergen er for øvrig sammenfallende med Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland – om enn noe mer konkretisert.

Byråden understreker betydningen av at arbeidet med trafikksikkerhet må skje på tvers av sektorer, også som del av folkehelsearbeidet i kommunen. Det legges til grunn at planen blir et viktig verktøy i det framtidige trafikksikringsarbeidet i fylket.

Byråden vil benytte anledningen til å løfte problemstillingen knyttet til gjennomgangstrafikk på Tellevikvegen i Salhus. Det vises til bystyrets behandling av Bergensprogrammets handlingsprogram 2014-2017 m.m. i møtet 27.11.2013 (sak 251-13), der følgende merknad ble vedtatt:

På bakgrunn av problemstillingen som ble løftet frem i deputasjon i Komite for miljø og byutviklings formøte 12.11.13 ber Komite for miljø og byutvikling byrådet om å anmode fylket om at det iverksettes fartsdempende tiltak i Salhusvegen og Tellevikvegen.

Byråden anmoder ut fra dette Hordaland fylkeskommune om å vurdere innspill om trafikksikringstiltak på Salhusvegen og Tellevikvegen. Det vises til vedlagte materiale fra presentasjon for Komite for miljø og byutvikling 12.11.13.

Vedtakskompetanse:

I henhold til byrådets fullmakter § 7, i Bystyresak 260/11, avgir byrådet selv høringsuttalelser på vegne av Bergen kommune. Høringsuttalelser avgitt av byrådet sendes uten ugrunnet opphold Bystyrets kontor til orientering. Saken ansees ikke å være av prinsipiell karakter.

Byråden for byutvikling, klima og miljø innstiller til byrådet å fatte følgende vedtak:

1. Bergen kommune slutter seg til innholdet i Handlingsplan for trafikksikkerhet i Hordaland, herunder nullvisjonen og effektmålet om å redusere tallet på drepte og skadde i trafikken med 45 prosent fram mot 2024.
2. Bergen kommune peker på at det er særlig viktig å fokusere på møteulykker, som er den hyppigste årsaken til det høye tallet på drepte og skadde i Hordaland.
3. Bergen kommune peker på viktigheten av at trafikksikringsarbeidet får tverrsektorielt folkehelsefokus, og at temaet inngår i folkehelsearbeid og i overordnet samfunnsplanlegging.
4. Hordaland fylkeskommune anmodes om å vurdere merknad fra bystyrets behandling av B.sak 251/13.
5. Melding om vedtak oversendes Bystyrets kontor.

Dato: 10. desember 2013

Dette dokumentet er godkjent elektronisk.

for Filip Rygg
byråd for byutvikling, klima og miljø

byråd Hilde Onarheim

Vedlegg:

Fagnotat datert 25.11.13

Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 (høringsutkast)

Høringsbrev datert 8.11.13

Innlegg i KMBY-møte 12.11.13.



Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

HØYRING - HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I HORDALAND 2014-2017.

Bømlo kommunestyre behandla Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 i sitt møte 16.12.2013.

Kommunestyret fatta dette vedtaket:

Bømlo kommune stiller seg positive til Handlingsplan for trafikksikring 2014-2017.

Med helsing
BØMLO KOMMUNE


Nils Kåre Nysæter
Teknisk rådgjevar

Vedlegg: Saksframlegg og utskrift av saksprotokollen i kommunestyret.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.12.2013

Vedtak:

Kommunestyret gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.



Dato: 05.12.2013
Arkivref: 2011/782-
27076/2013 / 567

Saksbehandlar: Nils Kåre Nysæter
53 42 30 64
nils-kaare.nysaeter@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	16.12.2013

HØYRING - HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I HORDALAND 2014-2017**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Bømlo kommune stiller seg positive til Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

Dokument i saka:

1. Brev frå Hordaland fylkeskommune, datert 08.11.2013.
2. Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014.2017.
3. Trafikksikringsplan for Bømlo 2011-2015.

Bakgrunn for saka:

Hordaland fylkeskommune har laga ein ny handlingsplan for trafikksikring i Hordaland for perioden 2014-2017. Samferdselsutvalet har vedteke å senda planen ut på høyring. Fylkeskommunen ynskjer å få inn kommentarar og innspel til planforslaget. Høyringsfrist er sett til 20. desember.

Plandokumentet er lagt ut på fylkeskommunen si internettside om trafikksikring, www.hordaland.no/ftt.

I brevet frå fylkeskommunen heiter det at

«hovudføremålet med planen er å definere kva som er dei viktigaste måla for trafikksikringsarbeidet i Hordaland, samt å prioritere særskilte satsingsområde og konkrete tiltak for å oppnå mål om reduksjon i drepne og hardt skadde i åra frametter. Dette er i samsvar med nullvisjonen som skal vere det førande for trafikksikringsarbeidet på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Handlingsplanen har tre særskilte satsingsområde:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulukker i tettbygde strøk
- Mjuke trafikantar i byområde

Nytt frå tidlegare er også sjølv organiseringa av trafikksikringsarbeidet i fylket. Fylkesutvalet gjorde i møte 31. oktober vedtak om oppretting av eit fylkestrafikksikringsutval (FTU) i Hordaland. FTU vil vere samansett av fem politisk valde representantar og konsultative representantar frå aktuelle fag-etatar. FTU avviklar med det fylkestrafikksikringsrådet (FTR) som fylkeskommunen har hatt sidan 1996.»

Endeleg handlingsplan vert lagt fram for fylkestinget i mars 2014 på bakgrunn av høyringsinnspela.

Vurderingar:

Bømlo kommune sin trafikksikringsplan for 2011-2015 vart vedteken av kommunestyret 19.12.2011. Denne planen byggjer og på visjonen om null drepne og null hardt skadde i trafikken. Denne planen har ei todelt satsing, nemleg på haldningsskapande tiltak og fysiske tiltak. For å realisera denne planen er det lagt opp til at fylkeskommunen skal vera med å finansiera deler av dei investeringane av dei fysiske tiltaka.

Fylkeskommunen legg kommunale trafikksikringsplanar til grunn for samarbeid og prioriteringar mot kommunane. Fylkeskommunen legg også opp til ei sertifiseringsordning av «trafikksikre kommunar» og har eit mål om å få sertifisert 10 kommunar i handlingsplanperioden. Til det er det sett av 1 million kroner.

Økonomiske konsekvensar:

I framlegg til budsjett for Bømlo kommune for 2014 er det sett av 1 million kroner til oppfølging av kommunen sin trafikksikringsplan og som grunnlag for eit samarbeid om trafikksikring med fylkeskommunen.

Miljømessige konsekvensar:

Ikkje relevant.

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Trafikksikring er eit godt satsingsområde for folkehelse.

Oppsummering og konklusjon:

Framlegg til Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 – 2017 gjev etter rådmannen si vurdering eit godt grunnlag for positivt samarbeid mellom Bømlo kommune og fylkeskommunen når det gjeld trafikksikring.

Til: Lise Ådlandsvik

Frå: Ingeborg Borgen Takle

Referanse
2014/557-2

Dato
17.01.2014

Uttale til Trafikksikringsplanen frå Fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet meiner at trafikksikringsplanen er eit godt dokument og som ein trur vil ha ein positiv effekt for trafikantane.

Når det er sagt meiner rådet at sjølv om planen drøftar effektane av ein auking i gruppa eldre framover, har ein ikkje hatt nok fokus på dette. Eit tiltak som Fylkeseldrerådet trur at kan bidra til å senke ulukker med eldre trafikantar er kursa som blant andre NAF held for sjåførarar over 65 år. Rådet meiner at desse kursa burde få større merksemd og vere eit av tiltaka i Trafikksikringsplanen.

Med helsing



Margot Bertheussen
Leiar
Fylkeseldrerådet



Hardangerrådet



**Til
Hordaland fylkeskommune**

Melding om vedtak gjort i Hardangerrådet 13.12.13

Særutskrift:

**HR-sak 54/13 Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland
Vedtak**

1. Hardangerrådet iks viser til Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 og støtter tiltaka i planen. Vert dess følgt opp er mange lidingar blitt hindra.
2. Hardangerrådet iks er svært positiv til at Hordaland Fylkeskommune set seg i førarsetet for betre trafikksikring i Hordaland og for eit nært samspel og samarbeid med sine konsultative medlemmer og kommunane i fylket.

Kinsarvik 16.12.2013

Fruktbar helsing Hardangerrådet
Trude L. Rinaldo
Konsulent



Jernbaneverket

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Førespurnad til: Nils Henning Anderssen
Tlf.: 47 25 42 81
Faks:
E-post: ANDNIL@jbv.no

Dato 13.12.2013
Saksref.: 201307521-2
Dykkar ref.: 201302841-
Vedlegg:

Besøksadresse:
Strømgaten 15, 5015
Bergen

Postadresse:
Postboks 4350
NO- 2308 Hamar

postmottak@jbv.no

Sentralbord:
05280

Org. Nr.:
971 033 533 MVA

Bankgiro:
76940501888

jernbaneverket.no

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Saknr. 201302841 Dok.nr. 9

18 DES. 2013

Arkivnr. 8-173 Saksh. LISADL

Eksp.

U.off.

Uttale til høyring - Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017

Jernbaneverket er statleg fagorgan for jernbaneverksemd og har eit forvaltningsansvar i høve til planarbeid etter plan- og bygningslova. Jfr. lova si § 8.3 første avsnitt der det går fram at statleg organ har rett og plikt til å delta i utarbeiding av regional plan når den vedrører organet sitt verkeområde eller eigne planar og vedtak.

Sikkerheit for togtrafikk er ikkje omtala i høyringsframlegget til handlingsplanen. Vi nemner at Jernbaneverket har eit kontinuerleg arbeid med å betre sikkerheit for togtrafikk. Det gjeld mellom anna gjennom ei nedbygging av planovergangar og å betre sikkerheita ved dei planovergangane som er igjen. Jernbaneverket legg stor vekt på sikkerheit for togtrafikk ved våre høyringsfråsegner til kommunale og regionale planar i Hordaland.

I Hordaland fylke er det i følgje vår infrastrukturdatabase 112 planovergangar totalt. 27 av desse er usikra, 67 har uvakta grind, dei restrerande 18 har ulik grad av sikring. Vi gjer merksam på at ikkje alle planovergangar er registrert i vår database. Jernbaneverket meiner det bør vere eit felles ansvar mellom oss og Vegvesenet å fjerne/sikre dei usikra planovergangane og dei med for dårleg sikring i Hordaland. Vi ber difor om at eit samarbeide mellom Vegvesenet og Jernbaneverket om betring av sikkerheit for togtrafikk gjennom fjerning/sikring av planovergangar vert teken med i handlingsplanen for trafikksikring i Hordaland.

Vi gjer dykk også spesielt merksame på sikkerheit i samband med åpninga av ny vidaregåande skule utanfor Nygårdstangen godsterminal. Jernbaneverket ber fylkeskommunen å vurdere risiko i samband med etableringa av vidaregåande skule ved Nygårdstangen, og å ta med eventuelle tiltak i handlingsplanen.

Ta gjerne kontakt med oss ved spørsmål omkring sikkerheit for togtrafikk.

Med helsing

Lars Christian Stendal
Regional plan- og utviklingsdirektør
Plan sør/vest, utredning og forvaltning

Nils Henning Anderssen
Overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk



Hordaland Fylkeskommune
postboks 7900

5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune

23 DES 2013

Vår ref.
12/180-173/N-000//JONE

Dykkar ref.

Dato:
18.12.2013

Trafikksikringsplan for Hordaland 2014 -2017 -uttale i frå Kvam herad

Viser til «Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 – 2017». Heradsstyret i Kvam har handsama saka (HST-sak 102/13) i møte den 17.12.2013 og gjort fylgjande einstemmig vedtak;

Pkt 1

Kvam herad er svært nøgde med at dert vert lagt fram ein eigen handlingsplan for trafikksikring i Hordaland for perioden 2013 – 2017

Pkt 2

Kvam herad vil samstundes understreka at det burde ha vore bevilga meir midlar til trafikksikringsarbeidet i denne planen.

Pkt 3

Det må vera ei gjennomgåande satsing i handlingsplanen på aldersgruppa 16 til 24 år, då denne gruppa er svært utsett for alvorlege ulukker og drepte i trafikken. Dette gjeld både opplæring, haldningskapande arbeid og konkrete tiltak.

Pkt 4

Planen må også satse endå sterkare på opplæring og tiltak av dei yngste skuleborna og deira foreldre, slik at skuleborn kan sykle og gå til skulen på ein trygg og god måte.

Pkt 5


Planen må også peike på gjennomsnittsmålingar som eit tiltak ulukkesutsette strekningar.

Pkt 6

Kvam herad ber også om at strekkja Odland – Lidarende vert tatt inn som eit konkret trafikksikringstiltak i handlingsplanen for perioden 2014- 2017

Uttalen vert sendt med atterhald om godkjent møteprotokoll.

Med helsing



Jon Nedkvitne
Samfunns- og utviklingssjef

Vedlegg, HST-sak 102/13



Rusfri trafikk
og livsstil



MA Hordaland

Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017, svar på høring.

MA er en landsdekkende motororganisasjon <http://www.ma-norge.no/> som sammen med MA-ungdom satser på holdningskapende og forebyggende aktiviteter knyttet til trafikk og rusfri livsstil. Satsingene er i stor grad rettet mot ungdom og rusfrie tiltak i alle aldersgrupper.

I denne sammenheng må vi få uttrykke skuffelse over at MA ikke er nevnt som aktuell samarbeidspartner eller bidragsyter inn mot trafikksikringsarbeidet i Hordaland.

MA gjennomfører nasjonale holdningskampanjer så som «Deathtrip» rettet mot videregående skoler <http://www.deathtrip.no/> og har gjennom prosjektet «Kast Masken» <http://www.kastmasken.no/k/> årlige aktiviteter knyttet til holdningskapende arbeid og rusfri livsstil på ungdomsskoletrinnet rundt om i landet – også i Hordaland. MA deltar også i forbindelse med årlige refleksaksjoner, aksjon møteplass og har i en årrekke deltatt på russerebusløpet for Hordaland.

MA har blant annet vært pådriver for innføring av promillegrense på 0,2 og innføring av alkolås. Som eksempel kan nevnes at MA Hordaland allerede for mange år siden fikk i gang et prøveprosjekt med Tide Buss AS og Os kommune, der alkolås ble montert i noen skolebusser. Tilbakemeldingene på prøveprosjektet var overveiende positive.

Flere fylkeskommuner har allerede gått inn for innføring av alkolås ved skoleskyss og både offentlige og private aktører har på eget initiativ innført alkolås i sine kjøretøy.

Det er derfor med beklagelse at vi konstaterer at alkolåsarbeidet ikke er gitt plass som et viktig bidrag til nullvisjonen i handlingsplanen, selv om det fra sentrale myndigheter er gitt sterke føringer til å satse på dette tiltaket.

Omfanget av ruspåvirkning i trafikken er sannsynligvis større enn hva som kommer i fram i ordinær statistikk; <http://www.nrk.no/nordnytt/naermere-140.000-kjoreturer-i-rus-1.11336306>

Vi oppfordrer derfor til at Hordaland fylkeskommune gjør vedtak om at det ved alle nye anbudsrunder for skoleskyss – blir stilt krav til alkolås i alle kjøretøy som benyttes til transport av skoleelever i fylket.



Rusfri trafikk
og livsstil



MA Hordaland har gått til anskaffelse av en bil med innmontert alkolås. Bilen nyttes i forbindelse med ulike arrangement og det arbeides nå med et prosjekt « Rusfri trafikk i Hordaland» der bilen kan nyttes i forbindelse med trafikale grunnkurs.

MA Hordaland vil også i fortsettelsen ha et stort fokus på forebyggende tiltak overfor ungdom – særlig rettet mot fart, kjøreatferd og rusfri trafikk og vi ønsker i så måte å være en medspiller sammen med fylkeskommunen og de enkelte kommuner.

For MA Hordaland
20.12.2013

Torfinn Grav
Sekretær.



MELAND KOMMUNE

Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 20/30 2841	Dok.nr. 6
18 DES 2013	
Arkivnr. 8.773	Saksh. LISADL
Eksp.	
U.off.	

Dykkar ref.
Vår ref. LSB

Journalp.ID 13/15758
ArkivsakID 13/1812
Arkiv nr. N-101.5

Dato 13.12.2013

MELDING OM VEDTAK

HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I HORDALAND 2014 - 2017

Det er gjort vedtak i saka, slik det går fram av vedlagde utskrift av møteboka.

PLAN – UTBYGGING - KOMMUNALTEKNIKK


Lillian Straumøy Brakstad
Konsulent

Vedlegg

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for drift og utvikling	10.12.2013	BMH	096/13

Avgjerd av:	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Berit M. Eskeland	BMH	N-101.5	13/1812

HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I HORDALAND 2014 - 2017

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	08.11.2013	Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga	HØYRING - HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I HORDALAND 2014 - 2017
3	I	02.12.2013	Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga	HØYRINGSUTKAST - HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRINGSPLAN 2014 - 2017

Vedlegg

Saksutgreiing:

Hordaland Fylkeskommune har no utarbeida framlegg til Handlingsplan for Trafikksikring i Hordaland 2014-2017. Tidlegare har trafikksikringsarbeidet i fylkeskommunen vore organisert gjennom eit administrativt samansett Fylkestrafikksikringsråd (FTR), som har fungert som rådgjevande og iverksetjande organ for samferdselsutvalet i trafikksikringssaker. Frå 31. oktober 2013 vart denne organiseringa endra ved at det vert oppretta eit eige Fylkestrafikksikringsutval (FTU), samansett av fem politisk valde representantar, samt representantar frå konsultative administrative fagetater.

Ulukkesnivået i fylket har sidan 2000 gått ned. Frå 2007 til 2012 er antall ulukker redusert med 30 %. Når det gjeld alvorlege ulukker er utviklinga også positiv, men Hordaland har likevel ein vesentleg mindre positiv utvikling enn resten av landet. For perioden 2007-2012 er Hordaland det fylket i landet som har hatt flest drepne og hardt skadde i vegtrafikkulukker, med om lag 9 % av det samla talet.

Handlingsplanen peiker på følgjande særskilte satsingsområde:

Trafikksikringsarbeid i kommunane

- Dette satsingsområdet inkluderer mellom anna: Tilskot til lokale arrangement, sertifisering av kommunar som «trafikksikker kommune» og tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane.

Møteulukker utanfor tettbygde strok

- Dette satsingsområdet inkluderer mellom anna: «Sei i frå» kampanje retta mot ungdom, kontroll av fart, setebelte ol, og handheving av § 34 i Vegtrafikkloven – tilbakekalling av førarretten

Mjuke trafikkantar i byområde

- Dette satsingsområdet inkluderer mellom anna: Kampanjar knytt til refleksbruk og samspel mellom syklistar og bilister, og mellom bybanen og andre trafikkantar.

Rammene er 16 mill. i planperioden. Prioriterte tiltak i handlingsplanen er i hovudsak avgrensa til trafikantretta tiltak. Prioriteringar av fysiske tiltak vert gjort med utgangspunkt i regional transportplan 2013-2014 for Hordaland og Handlingsplan 2013(14)-2017 for fylkesvegnettet i Hordaland.

Handlingsplanen er sendt på høyring med merknadsfrist 20. desember 2013. Planen skal godkjennast av fylkestinget.

Vurdering:

Meland kommune sin trafikksikringsplan for perioden 2012 - 2016 peiker på konkrete utfordringar og tiltak knytt til fylkes- og kommunevegnettet. Fleire av tiltaka i planen er knytt til tiltak som ligg utanfor ramma som er lagt opp til i Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 ettersom det er større og meir langsiktige og kostbare tiltak på vegnettet. Fleire tiltak er også av mindre karakter, og administrasjonen syns det er svært positivt at Fylkeskommunen ønskjer å opprette ei eiga tilskotsordning for mindre fysiske tiltak. Likevel ser ein det som ei utfordring at det berre er satt av 1 mill. årleg til denne ordninga. Det er mange små tiltak rundt omkring i kommunane som kan gjere mykje for trafikktryggleiken. For at tilskotsordninga skal utgjere ein forskjell meiner vi at det bør satsast meir, og ein bør auke summen frå 1 til 2 mill. kr årleg.

Når det gjeld sertifisering av kommunar som «trafikksikker kommune» så meiner administrasjonen at ordninga er positiv i den forstand at den sett fokus på godt forankra trafikksikringsarbeid. Samtidig så er ein bekymra for at dei midlane som er satt av ikkje vil vere særleg målretta, då det lett kan bli dei kommunane som allereie har det mest omfattande trafikksikringsarbeidet som vil ønskje å bli sertifisert, ettersom det krev lite arbeid. Administrasjonen meiner at det kan være meir hensiktsmessig å auke ramma for tilskot til kommunale trafikksikringsplanar i staden, for å få til meir trafikksikringsarbeid i fleire kommunar.

Når det gjeld satsingsområdet Møteulukker utanfor tettbygde strok så saknar administrasjonen eit fokus på farlege forbikøyningar. Eit tiltak som vert ønska er ei «Slepp forbi»-kampanje med fokus på den enkelte bilfører sitt ansvar for å være aktpågivande og varsam så det ikkje oppstår fare eller at anna trafikk vert unødige hindra jf. Vegtrafikklova § 3.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Utval for drift og utvikling støtter framlegg til ”Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017. Samtidig vert følgjande foreslått endra:

1. Ramma for tilskot til mindre fysiske tiltak vert dobla gjennom ei omprioritering av andre tiltak
2. Tilskot til sertifiseringsordninga vert vurdert nærare med tanke på ei omprioritering der ein aukar ramma for tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar
3. Oppretting av ei «Slepp forbi» kampanje.»

10.12.2013 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU-096/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Utval for drift og utvikling støtter framlegg til ”Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017. Samtidig vert følgjande foreslått endra:

1. Ramma for tilskot til mindre fysiske tiltak vert dobla gjennom ei omprioritering av andre tiltak
2. Tilskot til sertifiseringsordninga vert vurdert nærare med tanke på ei omprioritering der ein aukar ramma for tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar
3. Oppretting av ei «Slepp forbi» kampanje.»

Rett utskrift

Dato: 13.12.2013

Lillian S. Brakstad

Kopi til:

Hordaland Fylkeskommune
Samferdselsavdelinga

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 201302841	Dok.nr. 5
16 DES 2013	
Arkivnr. 8.773	Saksh. LISADL
Eksp.	
U.off.	

Hordaland Fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
p.b 7900
5020 Bergen

Saksbehandler: Per Krogsæther, Hovedverneombud
Dato: 03.12.2013

HØRINGSUTTALE TIL HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I HORDALAND 2014-2017

Nettbuss Drammen vant anbudet i region Bergen Vest og er glad for å kunne gi en en uttale til denne handlingsplanen.

I den tiden vi har driftet anbudet har vi registrert en del av de utfordringer som trafikken i vårt ruteområde byr på.

Den største utfordringen er selvsagt knyttet til fremkommelighet. Områdene fra Kolltveittunellen til Bergen sentrum og Askøybroen mot sentrum er preget av køer både om morgenen og om ettermiddagen. I tillegg er strekningene svært utsatt for kødannelse ved avvik som motorstans og ulykker, samt ekstreme værforhold over Sotrabroen.

Dette er selvsagt forhold som forståelig nok ikke omfattes av denne planen, men vi mener det også bør nevnes i en slik uttale da sikkerheten på disse veiene er avgjørende både for den enkelte trafikant, men også den totale trafikkavviklingen.

Uttalen vil bygge på de tre satsingsområdene som ligger i planen:

1. Trafikksikringsarbeid i komunnene
2. Møteulykker i tettbygde strøk
3. Myke trafikanter i byområde

TRAFIKKSIKRINGSARBEID I KOMMUNENE

I forbindelse med denne uttalen innhentet vi de kommunale planverkene ved samme saksomfang. Dette gjelder de kommunene vi trafikkerer.

I Fjell, Øygarden, og Sund kommuner foreligger det kommuneldelplaner som omhandler tema.

Askøy kommune har p.t.t ikke en gjeldende plan, men er i gang med et planarbeid som skal gjelde fra 2015. I det arbeidet er busselskapet forespeilet en rolle, noe vi setter pris på.

Det som de gjeldende planene gjenspeiler er godt dokumenterte forbedringsområder for trafiksikkerhet. Gjennomføringene ser derimot ut til å gå noe tregt. Det avspeiler nok etter all sannsynlighet den økonomiske situasjonen både kommunen og vegmyndighetene er i. Det generelle vedlikeholdet blir utført etter brannslukningmetode og evt. behov nye tiltak og utbygging er i lengre tid blitt dyttet frem i tid.

Der man så behov for bedre belysning, snuplasser på endestopp for busser, bedre sikrede busslommer/stopp, fartsreducerende tiltak osv., er tiltak ikke blitt gjennomført.

Fjell kommune registrer en negativ utvikling i i ulykkesstatistikken. 40% av hendelsene er knyttet til veg og føre. Av disse er 19% knyttet til møteulykker og 10% knyttet til myke trafikanter. Dette er tall som griper direkte inn i planen vi gir denne uttalen til. Dette bør føre til en sterkere satsing på forebyggende tiltak.

Videre konkluderes det med en mangelfull interaksjon mellom kommune og fylkesnivå. Både på plansiden og på tiltakssiden. (jfr. Fjell Kommunes handlingsplan s23)

Vi registrerer videre at ingen av de planlagte snuplasser for buss i Sund kommune er bygget ut. Det bekymrer oss.


Et av de mest brukte virkemiddel for å ivareta myke trafikkanter er bruken av fartsdumper som hastighetsreducerende virkemiddel. Intensjonen med å redusere fart er vi enig i. Virkemiddelet er vi derimot uenig i. Flere steder har vi sett at "fartspuiter" er blitt brukt med suksess. Vi vil på det sterkeste fremholde et ønske om å bruke dette i mye større omfang en før. Disse putene er med på å redusere belastningen på muskel og sjelett for sjåførene. Muskel og sjelettlidelser er en gjenganger i vårt yrke og alle tiltak som motvirker disse lidelsene er av det gode. Som et apropos vil vi nevne at man i Haugesund har vedtatt å bruke disse putene gjennomført. Ikke bare på nyanlegg, men også der man rehabiliterer eksisterende tiltak.

KONKLUSJON.

Vi vil konkludere med at vi ser at der foreligger mye gode intensjoner og tanker i planverket. Det vi skulle ønske var at der lå mer handlingsressurser i de. Når planen setter satsing på kollektivtrafikk som ett av hovedsatsingsområdene mener vi at sikring av de reisende i form av sikre holdeplasser, snuplasser og gangveier burde prioriteres med sterkere insentiv.

Vi vil signalisere at vi videre ønsker å være en aktiv aktør i trafikksikringsarbeidet og mener å kunne være en kilde som både kommuner, fylke og vegkontor kan ha en nytte av å implementere i nettverket rund trafikksikkerhetsarbeidet.

Med vennlig hilsen
Nettbuss Vest AS



Per Krøgsæther
Hovedverneombud
47632394
perkrogs@yahoo.no

Høringsinnspill trafikksikring i forhold til viltpåkjørslar på Osterøy.

Det er på Osterøy etter hvert blitt en stor hjortestamme med et årlig uttak på +400 dyr. Kjerneområdet for hjorten på Osterøy er i områdene langs fylkesvei 566/567, spesielt i området mellom Tirsåstunnelen og rundkjøringen på Hauge. Her blir nesten halvparten av jaktkvoten tatt. Den tette bestanden av hjort i dette området medfører hyppige passeringer av hjort over vei. På denne strekningen er der ikke fareskilt for hjort i det hele tatt med unntak av et skilt som står like etter utgangen av tunnelen, og det er i tillegg feil plassert. I tillegg til gjentatte forsøk med å prøve å få kommune og veivesen til å forstå og engasjere seg i problemstillingen vedrørende ingen eller liten forebyggende aktivitet i forhold til viltpåkjørslar har Osterøy Jakt og Fiskarlag engasjert seg i saken og gått i gang med rydding av vegetasjon langs de mest utsatte plassene. Det er nå også bygget en ny tunnel , Borgo tunnelen som også ligger i et område med høy tetthet av hjort. Her inviterte undertegnede SVV til synfaring før åpningen av tunnelen for å påvise at der kunne bli konflikt bil/hjort. Der er ikke gitt tilbakemelding fra statens vegvesen på dette møtet, ei heller er der satt opp et eneste skilt. Der har allerede vært flere påkjørslar av hjort like ved inngangen til tunnelen.

Osterøy Jakt og Fiskarlag ønsker først og fremst å bidra til at trafikksikring i forhold til viltpåkjørslar på Osterøy blir tatt alvorlig dernest at tilstrekkelige tiltak blir satt i verk. Vi har jobbet med dette i flere år og har mange innspill og ideer om hvordan effektive tiltak kan iverksettes. Osterøy Jakt og Fiskarlag består av grunneiere, jegere og friluftsmennesker som er opptatt av hvordan vi forvalter vår hjortebestand og hvordan vi kan bidra til å forebygge trafikkuhell mellom bil og hjort. Vi ønsker derfor å bli ført på listen over høringsinstanser slik at vi kan få uttalt oss i om alvorlighetsgraden av viltpåkjørslar på Osterøy med hensyn til både mennesker og dyr samt at vi kan bidra med forebyggende ideer og tiltak.

Borge 20.12.2013

For Osterøy Jakt og Fiskarlag,

Jørn Vad



OSTERØY KOMMUNE
Sektor for miljø og teknikk



Hordaland fylkeskommune
Pb 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:
13/2429-3 ROH
13/24673

Arkiv:
N-567

Lonevåg
20.12.2013

HØYRING - HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I HORDALAND 2014-2017

Osterøy kommune har handsama forslag til «Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 – 2017».

Kommunen har ingen merknader til planen.

Vedlagt kopi av sakspapir.

Med helsing

Roald Hovden
sektorleiar

OSTERØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Plan- og kommunalteknisk utval	04.12.2013	140/13	ROH
Komite for oppvekst, idrett og kultur	04.12.2013	028/13	ROH

Saksansvarleg Roald Hovden	Arkiv: N-567 Objekt:	Sak ID 13/2429
--------------------------------------	---------------------------------------	--------------------------

HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I HORDALAND 2014-2017 - HØYRING

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Rådmannen gjer ikkje framlegg til vedtak.

04.12.2013 PT-140/13 UTVALET SI HANDSAMING:

Leiar gjorde slikt framlegg: «Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 – 2017-høyringsutkast vert teken til vitande.

AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke.

04.12.2013 KOIK-028/13 UTVALET SI HANDSAMING:

Leiar bad om at status for tidlegare prioriterte trafikksikringstiltak vert lagt fram til neste møte.

Komiteen tok etter dette saka til vitande utan andre merknader.

FAKTA

Hordaland Fylkeskommune har sendt Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 ut på høyring.

Føremålet med planen er å definera dei viktigaste måla for trafikksikringsarbeidet i fylket, samt prioritera satsingsområde og konkrete tiltak for å oppnå målet om ein reduksjon i drepne og hardt skadde i åra framover.

Handlingsplanen har tre særskilte satsingsområde:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane,
- Møteulukker i tettbygd strok
- Mjuka trafikantar i byområde

Frist for høyringa er 20.12.2013 og endeleg handlingsplan lagt fram for fylkestinget i mars 2014.

Kommunen skal no i gong med ny trafikksikringsplan for Osterøy. Ein har fått kr.100.000,- i tilskot frå fylkeskommunen til arbeidet. Folkehelsekoordinatoren i kommunen vil vera leiar for prosjektet.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Saka vert lagt til orientering og eventuelle merknader/innspel til Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

Rådmann viser til faktadelen og har elles ikkje merknader til saka.

Dato for saksutgreiing: 22.11.13

Trykte vedlegg: Brev frå Hordaland fylkeskommune datert 08.11.13 med høyringsutkast



Notat

Til: Lise Ådlandsvik

Frå: Ingeborg Borgen Takle

Referanse
2014/558-5

Dato
16.01.2014

Høyringsuttale til Trafikksikringsplanen frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at Trafikksikringsplanen er ein god plan og at intensjonen er bra.

Tiltaka er nemnt, men ein set spørsmålsteikn ved om det vert reflektert i budsjett og om dei ulike tiltaka har fått tildelt nok midlar til å ha ein effekt. Særskilt ser ein på fysiske tiltak for å skilje mjuke og harde trafikantar, og om midlane tildelt er tilstrekkelige.

Planen er ikkje på nokon måte spesifikk for målgruppa til rådet, noko som rådet heller ikkje meiner at er aktuelt. Men rådet ønskjer å uttale seg på bakgrunn av at trafikkulukker i mange fall skapar menneske med nedsett funksjonsevne.

Med helsing

Harald Norheim
Nestleiar
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne



Statens vegvesen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 201302841	Doknr. 8
18 DES 2013	
Arktivnr. 8.173	Saksh. LISDL
Eksp.	
U.off.	

Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Tor S Høyland - 55516266

Vår referanse:
2013/133595-002

Dykkar referanse:
201302841-
4/8.173/LISADL

Vår dato:
12.12.2013

Høyring - Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 - 2017

Vi viser til dykkar oversending av 8 november 2013.


Høyringsutkastet til ny handlingsplan for trafikksikring i Hordaland for perioden 2014-2017 viser kva som er hovudutfordringane innanfor trafikksikringsarbeidet i Hordaland. Vi er einige i dei tre særskilte satsingsområda :


- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulykker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i byområde

I tillegg til desse satsingsområda, vil vi peika på at det fortsatt bør vera ei stor satsinga for å redusera utforkøyringsulykkene. Sjølv om utviklinga for denne ulykkestypen har vore positiv, er den fortsatt høg, særleg utanfor Bergen.

Slik vi ser det vil denne handlingsplanen gje gode føringar for trafikksikringsarbeidet i Hordaland dei komande åra.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing


Sindre Lillebø
seksjonssjef


Tor S Høyland

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Hordaland fylkeskommune -
samferdselsavdelinga

Postboks 7900

5020 BERGEN

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id.	Arkiv	Dato
	13/1238-2	13/11812	N-567/	20.12.2013

Høyringsuttale, Ullevang herad - Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 - 2017

Viser til brev motteke 12. november 2013 med orientering om Samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune sitt vedtak i møte den 23. oktober, der *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* er lagt ut på høyring. Høyringsfristen er sett til 20. desember 2013. Dersom heradet sin uttale skulle vore handsama politisk som eiga sak, ville det vert føremålsteneleg at høyringsperioden var noko lenger.

Om handlingsplanen for trafikksikring

Hovudføremålet med planen er å definere kva som er dei viktigaste måla for trafikksikringsarbeidet i Hordaland, samt å prioritere særskilte satsingsområde og konkrete tiltak for å oppnå mål om reduksjon i drepne og hardt skadde i åra frametter. Dette er i samsvar med nullvisjonen som skal vere det førande for trafikksikringsarbeidet på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Handlingsplanen har tre særskilte satsingsområde:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulukker i tettbygde strom
- Mjuka trafikantar i byområde

Heradet registrerer at:

- Fylkestrafikksikringsrådet (FTR) no er erstatta av eit Fylkestrafikksikringsutval (FTU), samansett av fem politisk valde representantar og konsultative administrative representantar frå aktuelle fagetatar.
- *Fysiske tiltak* på vegnettet er styrt gjennom dei økonomiske rammene sett gjennom *RTP for Hordaland med tilhøyrande Handlingsprogram 2013-2017* for fylkesvegnettet i Hordaland.
- *Trafikantretta tiltak* legg til grunn ei vidareføring av dei økonomiske rammene til arbeidet i regi av FTU, med ei totalramme for perioden på 16 mill kroner. Rammene for finansiering vil verte presentert i den endelege handlingsplanen.
- I tillegg til dei prioriteringar som vert gjort i planen gjennomfører dei konsultative medlemene i FTU ei rekkje trafikksikringstiltak i eigen regi og i samarbeid gjennom FTU. Desse tiltaka er som hovudregel ikkje teke med i tiltaksplanen.

Tiltak mest relevant for Ullensvang herad, totalt for perioden:

1. **Lokale arrangement for trafikkopplæring og informasjon:**
 - 3,2 mill kroner, reduksjon på 0,8 mill kroner.
2. **Uarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar:**
 - 2,0 mill kroner, vidareført utan endring.
3. **Tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane:**
 - 4,0 mill kroner, ny.
4. **Sertifisering av "trafikksikker kommune":**
 - 1,0 mill kroner, ny.
5. **Årleg Trafikksikringskonferanse:**
 - 0,25 mill kroner, vidareført.
6. **Årleg Trafikksikringspris:**
 - 0,1 mill kroner, ny.
7. **Tilskot til trafikkopplæring i barnehagar og skular:**
 - 0,35 mill kroner, reduksjon på 0,45 mill kroner.
8. **Tilskot til andre regionale satsingsområde og kampanjar.**

Arbeidet med trafikksikring går kontinuerlig og femner om mange ansvarsområde i heradet. Me registrerer at 5 politisk valdre representantar no skal vere del av dette arbeidet, og at til dømes 4 millionar kroner til fysiske tiltak skal delast ut til søkande kommunar. Dette er eit sentralt nytt element i handlingsplanen, men bakgrunnen for dette er ikkje gjort tydeleg.

Handlingsplanen er aktuell for heradet og gjer det mogleg for oss å arbeide for ein tryggjare trafikksituasjon i vår del av Hordaland. Indre Hordaland ser store endringar i infrastrukturen som følgje av nye veganlegg. Likevel er større parti av vegnettet mindre trafikksikkert, og overgangen frå nye og gode veganlegg til eldre og mindre gode veganlegg vil truleg føra med seg eit auka behov for trafikksikrande tiltak framover.

Me ser fram til eit godt samarbeid framover, og vonar trafikksikringsmidlane kjem til nytte i alle delar av fylket.

Med helsing
Ullensvang herad


Solfred Borge
Ordførar


Hedvig Øren
Rådmann

Sakshandsamar sin tlf: 53671516
Sakshandsamar si e-postadr.: kent.hakull@ullensvang.herad.no

Kopi til arkiv og kopibok